

Til føresette i skulane i Sogndal

Oppvekst
Sakshandsamar:
Ole Gunnar Krakhellen
Tlf: 926 48 081
Mobil:
Vår ref.
20/3074-6
Dykkar ref.

Dato
14.08.2020

Velkommen til skulestart til born og føresette i Sogndal kommune

17. august byrjar nytt skuleår, og 1350 elevar er på plass i klasseromma i Songdalsskulen. Etter ein vår med variasjon i drifta vår, vil de nye skuleåret starte med rimeleg normal drift. I Sogndal kommune er det gått lang tid sidan sist smittetilfelle, og vi lyt jobbe saman for å følgje tiltaka for å redusere smittespreiing. Det er innført ein trafikklys-modell med grønt, gult og raudt nivå på tiltaka. Vi startar skuleåret på gult nivå, men har beredsskapsplan for å kunne skifte mellom dei ulike nivåa.

Tiltaka på gult nivå er som følgjer:

- Ingen sjuke skal møte på skulen
- God hygiene
- Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)
- Heile skuleklasser reknast som ein kohort
- Tilsette kan veksle mellom kohortar/klasser
- Trinnvise kohortar på SFO
- Unngå trengsel og store samlingar
- Ha eigne områder i skolegarden for ulike klassar/kohortar i pausar friminutt

Skulefaga vert gjennomført mest mogleg som normalt, men med nokre tilpassingar på fag som t.d. symjing og kroppsøving. I alle fag vil det vere fokus på å halde så god avstand som mogleg og på god hygiene.

Nærare om tiltaka

Dei tre mest grunnleggjande tiltaka er at vi skal ha god hygiene, unngå fysisk kontakt og ikkje møte på skulen viss ein er sjuk eller har symptom på smitte. Terskelen for å vere heime må difor vere svært låg.

Familiar/elever som har vore utanlands må setje seg inn i nasjonale råd knytt til landet dei har vore i, og følgje desse tiltaka. Viss de er usikre kan de ta kontakt med legekontoret for å avtale testing. Meir informasjon om testing finn de også [HelseNorge](#) sine nettsider.

Kohortar

- Rettleiaren for smittevern i skule og SFO nyttar omgrepet kohort om ein klasse. På gult nivå er klassen definert som ein kohort og det er ikkje krav til ein meter mellom elevane innanfor kohort gruppa.
- I fag som går på tvers av kohortar, skal det vere avstand mellom kohortane. Elevar i same kohort skal sitte saman.
- I friminutt skal samhandlinga mellom gruppene reduserast gjennom å nytte eigne område, eller ulike tidspunkt.
- I SFO er trinn definert som ein kohort. I SFO med få barn kan fleire trinn utgjere ei kohort-gruppe.

Postadresse:

**Postboks 153
6851 SOGNDAL**

Telefon: 57652500
Telefaks:

Bankgiro: 3705.39.85867
Org.nr: 922121893

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

Skyss

Skuleskyss skal gå som normalt, men det er lagt vekt på at elevane skal halde avstand på bussen. Rettleiaren presiserer at det ikkje skal påverke kapasiteten på bussen, slik at alle som har rett på skyss får skuleskyss.

Vi vil oppmode elevar som har ein sikker skuleveg og høve til det, om å kome til skulen utan å nytte buss.

Mat i SFO

Fram til 1. september ber vi om at alle på SFO har med seg matpakke. Det vert ikkje krevd matpengar i dette tidsrommet. Vi vil vurdere kva vi skal gjere vidare i god tid før 1. september.

Barn og ungdom i risikogrupper

Nasjonale retningslinjer er tydelege på at det er trygt for barn og unge å møte på skulen. Dei fleste barn og unge kan møte om dei har kroniske sjukdomar, men det er ei lita gruppe som ikkje bør møte på skulen utan individuell vurdering. Sjå [Utdanningsdirektoratet](#).

Er de som føresette usikre på om barnet/ungdomen bør møte på skulen/SFO, ta kontakt med lege for å få ei vurdering.

Utleige av skulen

Vi vil opne for eit avgrensa utlån av skulen sine bygg til t.d. bursdagsfeiringar, under føresetnad av at arrangement skjer innanfor gjeldande klassar/kohortar. Det vert ikkje opna for utleige av bygget til andre aktivitetar utanfor kommunal regi.

Ved smitte

Viss det vert avdekka at eleven har fått, eller har vore i kontakt med nokon som har, fått stadfesta smitte, så ber vi heimen om å ta kontakt med skulen så snart som mogleg.

Har du spørsmål ta kontakt med skulen.

Vi ser fram til skulestart i Sogndal kommune og ønskjer alle elevar og føresette velkommen tilbake til skule og SFO.

Med helsing
Sogndal kommune

Ole Gunnar Krakhellen
kommunalsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.